

## Kommunal- og regionaldepartementet

Vår dato: 22.11.2013  
Vår ref: 2013/4444 - 22626/2013 /  
Dykkar ref:

### Høyringsuttale 13/1969 frå Stord Ungdomsråd om lovfesting av medvirkningsordning for ungdom.

I dag kan ungdom på Stord påverke samfunnet gjennom engasjement i elevråd og ungdomsråd.

I Stord ungdomsråd har me representantar og vararepresentantar frå kvar ungdomsskule og frå vidaregåande skular. Det er viktig at alle områder i kommunen er representert i Ungdomsrådet, og at det er breidde i alder og ei jamn fordeling av kjønn.

Eit lovfesta medverkingsorgan for ungdom er viktig fordi ungdommar ser saker på andre måtar enn dei vaksne, og er framtida for landet vårt. Me har ein rett til å bli høyrd, tekne med i planar og teke omsyn til - på lik linje med dei over 18 år.

Eit medverkingsorgan for ungdom er avhengig av ein vaksen person som koordinerer ungdomsrådet. Dette er viktig for at rådet skal fungere som eit godt politisk organ. Ungdomsrådet bør forankrast på same måte som andre medvirkningsorgan, men ungdom treng tettare oppfølging for både rekruttering, opplæring, oppfølging og rettleiing.

For å sikre reell medvirkning bør ungdomsråda også ha klår tilknytning til skulane, der **all** ungdom er. Dette vil truleg auke status, og dermed også gjere rekruttering til Ungdomsråda lettare.

Det er ikkje realistisk at ungdomsrådet følgjer kommunestyret sine valperiodar. Fire år blir for lenge å binde seg for ein tenåring. To år må vere greitt, med mulighet til å søke avskjed tidlegare, men også til å gå til gjenvalg.

Ei lov bør seie noko om mandatet til ungdomsrådet. Det bør også vere lovfesta at ungdomsrådet har tale- og forslagsrett i kommunestyre og i dei politiske komitéane. Eldre og personar med nedsett funksjonsevne har rett til å delta i det ordinære politiske systemet. Dette har ikkje ungdom under 18 år. Me meiner derfor det er viktig at ungdomsråda får lov til å uttale seg og fremje forslag i dei politiske komitéane. Det vil ikkje sei at me får avgjedsmynde, desto viktigare er det at me då får kome med våre synspunkt ovanfor dei som faktisk styrer.

Med helsing

Stord Ungdomsråd  
Arja Myhre  
Leiar

Cecilie Berger  
koordinator